

Vestlandsrådet

Møre og Romsdal fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Deres ref.:
Deres dato:
Saksbehandler: Arne Hope
Vår ref.:
Vår dato: 26.02.2019

Vedtak i Vestlandsrådets møte 15.02.2019

Etter § 3 i vedtektene for Vestlandsrådet skal dei deltakande fylkeskommunane bli orienterte om rådet sitt arbeid. Årsmelding og budsjett går til fylkeskommunane til orientering.

Vestlandsrådet hadde møte på Sola i Rogaland 15. februar 2019.

Vedlagt følgjer protokoll frå møtet, årsmelding for 2018, samt budsjett for 2019.

Øvrige saker som krev kommentar:

VR-sak 04/19 Vestlandsrådet og framtida

Vestlandsrådet slo fast at det skal halda fram som felles organ for dagens fire fylkeskommunar, og frå 2020 for regionane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.

Samferdsel, marin forsøpling, cruise/reiseliv, internasjonale engasjement, infrastruktur og kultur/identitet skal vera prioriterte saksområde.

Vestlandsrådet ba Rogaland fylkeskommune om å leggja fram ein modell for representasjon og økonomisk medverknad, samt gjennomgå styringsdokument og administrative ordningar.

Sekretariatsleiar vil setta i gang eit breidt arbeid med å følgja opp vedtaket, med sikte på ei ny sak til rådet sitt møte 21. juni.

VR-sak 05/19 Marin forsøpling

Vestlandsrådet løyvde kr 600.000,- til det pågåande prosjektet som vert drifta av Hordaland fylkeskommune. Midlane vil bli overført til Hordaland.

I vedtaket er prosjektleiar beden om å utarbeida ein plaststrategi for alle dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Merk pkt 4 i vedtaket, om å sikra ein god kontakt mellom prosjektgruppa og representantar frå vestlandsfylka i Nordsjøkommisjonen og CPMR.

VR-sak 06/19 Strategiplan for hydrogen på Vestlandet

I tillegg til å vedta hydrogenstrategien for 2019-2020, løyvde Vestlandsrådet kr 400.000,- til arbeidet i 2019, og rådde i tillegg til at dei fire fylkeskommunane løver kr 100.000,- kvar.

Dei løyvde midlane vert overført Hordaland fylkeskommune som drivar av prosjektet. Så kjem ein tilbake til resten når saka er handsama i de fire fylkeskommunane.

VR-sak 13/19 FN sine berekraftsmål – status i vestlandsfylka

Framlegget frå fylkesrådmannen var at rådet ba om at det vart utarbeidd oppdragsbeskriving for ein berekraftsrapport etter mønster av Buskerud sin.

Vestlandsrådet meinte dette var ein sak som høyrde heime i kvar einiskild fylkeskommune.

Saksutgreiing med vedlegg følgjer dette brevet.

Helsing

Arne Hope
Sekretariatsleiar i Vestlandsrådet

Vedlegg:

- Protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 15.02.2019
- Årsmelding for Vestlandsrådet 2018
- Budsjett for Vestlandsrådet 2019
- Saksutgreiing sak 13/19 i Vestlandsrådet